



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Jørgen Aarø, 55 57 20 46
Runne Mikkelsen, 55 57 21 81

Vår dato
16.01.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/442 433.2
Dykkar referanse

Adresseliste

Høyring av utsetting av sitkagran på Sæbø i Radøy kommune

Det er søkt om utsetting av sitkagran på eit om lag 68 dekar stort område på Sæbø i Radøy kommune. Bruk av utanlandske treslag i skogbruket er søknadspliktig og berre tillate når det ikkje kan medføre vesentlege uheldige følgjer for naturmangfaldet. For at saka skal vere så godt opplyst som mogleg før eit vedtak blir fatta, blir saka sendt på høyring til kommune, fylkeskommune, interesseorganisasjonar og skognæringa.

Frist for innspel er søndag 1. februar 2015.

Bruk av utanlandske treslag til skogbruksformål er søknadspliktig

Bruk av utanlandske treslag i skogbruket er regulert av forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål. Formålet med forskrifta er å hindre at utsetting av utanlandske treslag kan ha vesentlege uheldige følgjer for naturmangfaldet. Forskrifta medfører ikkje eit generelt forbod mot utanlandske treslag, men gjer utsetting til skogbruksformål og til produksjon av juletre og pyntegrønt søknadspliktig. Kvar sak skal vurderast for seg og følgjande står om sakshandsaminga i forskrifta § 7:

Ved vurderingen av om det skal gis tillatelse til utsetting, skal eventuelle uheldige følger av utsettingen for naturmangfoldet vektlegges. Det legges særlig vekt på om treslaget og eventuelle følgeorganismar medfører risiko for uheldige følger for det biologiske mangfoldet. Det kan ikke gis tillatelse hvis det er grunn til å anta at utsettingen vil medføre vesentlige uheldige følger for det biologiske mangfold.

§§ 8 og 10 i forskrifta stiller krav til aktsemd, kontroll med spreiing og internkontroll. Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal ligge til grunn for sakshandsaminga. Dette inkluderer krav til kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, prinsippet om samla belastning, og prinsippet om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

For at saka skal vere så godt opplyst som mogleg sender vi saka på høyring til kommune, fylkeskommune, interesse- og næringsorganisasjonar slik at relevant lokalkunnskap skal kome fram.

Om søknaden

Det er søkt om å sette ut sitkagran på eit om lag 68 daa stort område på gnr. 87 bnr. 1 på Sæbø i Radøy kommune. Det planlagde utsettingsområdet består delvis av beitemark, men for det meste av eit hogstfelt med både norsk gran og sitkagran. Sjå vedlagte kart.

Føremålet med tiltaket er å plante etter hogst i eit område der det står ein del norsk gran og sitkagran frå før. Søkjar opplyser at planting av sitkagran vil ha liten innverknad på naturmangfaldet sidan det er eit stort innslag av sitkagran i området allereie. Det går beitedyr på ein del av området rundt utsettingsområdet.

Skal unngå vesentleg skade på naturmangfaldet

Sitkagran (*Picea sitchensis*) er eit svartelista treslag med risikovurdering svært høg. Dette skuldast i stor grad at sikta spreier seg lett til kystlynghei, som er ein truga naturtype. Sitkagran viser òg stor spreyingsevne til kulturpåverka og tørre areal, til dømes gamal beitemark.

Framtidige utsettingar av utanlandske treslag skal ikkje medføre vesentleg skade på naturmangfaldet. I denne vurderinga må vi ta omsyn til spesielle miljøverdiar i sjølve utsettingsområdet, i tillegg til potensiell spreying frå plantefeltet til kringliggjande område. I tillegg skal dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova leggjast til grunn. Der det er grunn til at anta at utsettinga vil ha vesentlege negative følgjer for naturmangfaldet kan vi ikkje gi løyve til utsetting.

Høyring

Vi ønskjer innspel som kan bidra til at saka blir så godt opplyst som mogleg. Saka blir sendt til Radøy kommune, Hordaland fylkeskommune, Vestskog, Norskog, Forum for natur og friluftsliv Hordaland og Naturvernforbundet Hordaland. Dersom de veit om andre som burde vite om denne saka ønskjer vi å bli gjort merksame på dette.

Høyringsfrist er søndag 1. februar 2015. Merknadar til saka kan sendast til Fylkesmannen i Hordaland på fmhopostmottak@fylkesmannen.no. Merk e-posten med saksnummer 2015/442.

Med helsing

Olav Overvoll
seniorrådgjevar

Jørgen Aarø
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til

Normann Sæbø Sebøvågen 26 5938 Sæbøvågen

Adresseliste

Radøy kommune

postmottak@radoy.kommune.no

Forum for natur og friluftsliv Hordaland

hordaland@fnf-nett.no

Hordaland fylkeskommune

hfk@hfk.no

Naturvernforbundet

hordaland@naturvernforbundet.no

Norskog

firma@norskog.no

Vestskog SA

post@vestskog.no